

frå

Snøan den 9/3-1948

Jens Haukdal,

S n ø a n s t .

Til

Norsk Etnologisk gransking,

Norsk Folkemuseum,

B y g d ø y .

Ad.svar på emneliste nr.1 Ard og Plog.

Sendar hermed svar på emneliste nr 1 Ard og plog.Svaret er gje etter samtale med fleire eldre folk i grenda tidlegare og no.

Eg har svara så godt og korekt som det let seg gjera etter dei opplysningar eg har grave ihop.


Til våren skal eg freista få fotografera dei gamle plogane og ardane som enda fins i grenda og senda filmen som tillegg til det svaret eg no sendar.

Dei vedlagde skissone viser den ardtypen som har vore bruka her. Han liknar mest hyppeplogen,men har alltid vore kalla ard.

Vidare har eg skissera ein forskjerar og reitøks. Og til sist den eldste kjende plogen som eg har kome over her i grenda. Om det har vore bruka andre typar her så er det ingen som veit av dei og kan segja ifrå om det. Dei gamle tok mykje verdefull kunskap med seg i grava. Så det er sanneleg på tide at dette arbeidet vart tatt opp og at det blir drive hardt. Enda er det tid til å fri frå gløymsla mykje som alt er halvt gløymd.

Ingen nolevande har sett plog med veltefjøl av tre med jarnskoing,men dei har høyrd gjete at det var bruka ein gong.

V y r d s a m t

  
J. Haukdal

3 vedlegg.

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Støren

Emne: Ard og Plog

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Sørstua

(adresse): Snøan st

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Etter samtale med eldre folk i grenda.

1)

SVAR

Ard og plog har vore bruka her i grenda frå alders tid, men bruken kom først seinare her enn andre stader etter det ein kan skjønna. Folket sleit nok i lengste laget med handkrafta. Det ofte bratte og tunge lende kan vel her ha vore ein medverkande faktor. Enda i vår tid er det ein hemske for fullmekanisering av gardsdrifta.

2)

Arden er framleis i bruk på fleire gardar, men han blir meir og meir trengd undan av dei meir tidhøvelege hesthakkone. Det er mest på bruk der gammal driftsmåte heng hardest att at arden brukast. Dei økonomiske kåra til brukaren gjer nok sin part. Så lenge han kan berga seg utan nyinnkjøp av dyre maskinor må han vera glad til.

Ein veit ikkje døme på at arden har vore bruka til å løysa pløgsla med føre såinga. Han har heller ikkje vore bruka til å "myld" ned konnet med. Det arbeidet vart gjort med grevet og harka (eit slag rive av tre med isette jarntindar) i det små og tindhorva på dei større gardane.

Grevet og harka var elles med utpå åkrane på dei større gardane og. Enda horva vart bruka kom ein ikkje til med ho alle stader. Atendane og kring steinane måtte ein ty til grevet og harka for å få fullgod flinad på. Åkrane måtte vera velflidde i atendane (kantane) i motsett fall kunne det koma til å låta: "E ha alder sjøtt sån slark.. .. det æ rett itt som må farin held på med garda. Du skull berre sjå keles åkran hass sjer ut i atendøm..." Og dei gamle, velmenande gubbane såg langt og tankefullt fram for seg.

Det er tradisjon i flinaden på åkrane. Velgjort må alt vera, elles er det skam.

3)

Arden har berre vore bruka i potetåkrane. Før arda ein opp med han etter at tindhorva hadde smuldra jorda. Når så potetgraset kom opp og fekk høveleg lengd kørde ein arden millom radene og "løst" poteten som daglegnemninga er. Og når graset hadde vakse seg enda noko høgre kom hyppinga.

Det har ikkje vore skilt millom ard og hyppeplog. Alt

2  
med tosidig veltefjøl og utan restill og moldfot har vore kalla for ard. Ordet og nemninga har så djupe røter i tradisjonen at no etter at arden for det meste er gått av bruk og hestehakka rår grunnen, segjer folk alltid: "å ar opp åt poteta".

4)

Den ardtype som er kjend her i grenda liknar ingen av ~~dei~~ dei meir primitive typane frå fig. 1-6. Dei typane eller variantane er ukjende her. Det er noko som til alle tider har kjenneteikna folket her at dei har vore seine til å apa etter alt nytt. Eit gammalt ord segjer: "Den fær illt som åppå ette alt" Ein må først sjå om det nye er godt og om det er liv laga. På det viset kom dei heller seint til å innføra arden. Andre bygdalag som var meir framtøke sleit difor med dei primitive typane med folk her dreiv med handreidskapen. Den arden som kom i bruk her likna mest på fig. 7, men han hadde tosidig veltefjøl.

5)

Skjekene på fig 4. er ukjende her.

6)

Den tosidige veltefjøla nemner ein med sernamnet: Skjæret. Ein meiner da hele den arbeidande delen av arden. Så har ein åsen, skafta og draget. Skaklane til arden kallast hyppingsskaklan. Dei er for ein hest. Til horv og plog har ein skalar for tvibeite. Desse kallar ein for vårønnskaklan. Hestane går ved sida av kvarandre i draget. Tandemdrag har ikkje vore vanleg til anna enn å køyra tømmerlass i kneikar som ein hest ikkje kunne ta allei-  
ne.

7)

Skjera på arden har vore som tosidige veltefjøl. Det var ikkje vanleg å ha meir enn ein ard på garden. Bruka var leiglendingsbruk den tida arden kom i bruk og "medelen" var det ikkje så flusst med. Alt dei måtte ha utanifrå kosta pengar.

8)

Som det før er sagt har den arden som har vore bruka her i grenda tosidig veltefjøl som velta jorda til side og opp.

9)

Arde har ikkje vore bruka som nemning om horv.

10)

Regulerbar djupn har ein ikkje havt på arden.

11)

Arden som har vore bruka her liknar i noko mun på nr. 7. Men utføringa er nokså mykje meir solid både når det gjeld skjæret, åsen og skafta. Bruken av arden avgrensa seg til arbeidet i potetåkenen. Nemninga har vore "ar" Arden har aldri havt restill. Veltefjølene har heller ikkje vore stillbare. Det blir fortald at veltefjøl er av tre med jarnskoing skal vera bruka i aller første tida arden var i bruk, men det er nærast å kalla for sagn. Ingen veit det så fullsikkert. Veltefjølene har vore av jarn for det meste.

12)

Ardane vart laga av dugande bygdasmedar, og av desse var det fleire. Mange av dei gamle bøndene var sjøl dugande smedar og laga reidskapen sjøl når dei først hadde sett korleis ein gjekk fram. Dei som hadde minst råd nytta sjølsagt så mykje tre som mogeleg i reidskapen. Godt jarn var dyrt i innkjøp og jarnblåsterkonsten vart det drive lite med.

- " " " " -

13)

Ein kan enda finna mange heimegjorte plogar i bruk. Det er her som elles at kan bonden klara med den bœrnaden han har så vegrar han seg i det lengste med å kjøpa nytt. Men no blir det glisnare og glisnare millom gammalplogane og dei nye fabrikksmidde rykker inn i staden. Desse er lettare for hestane og meir handterlege for plogkaren.

Dei gamle plogane vart laga av dugande bygdasmedar. Dels var det bonden sjøl som gjekk i smia og laga ploget og dels var det ein leigkar som gjorde arbeidet. Dei smedane som før ikring på slikt arbeid var sjøl jordbrukarar. Det var segleg slike som hadde små bruk og ikkje eigde hest. Som løn for plogsminga vart det ikkje så stor utreidsla i pengar. Når arbeidet var gjort let det som oftast: "E fæ no berre segj deg takk da tart så leng.... du må no berre vassku meg når du vil hå høyet hemkjørt så fæ det no bi ei råd"

"Det bi no sjøltakkan det," svara smeden. Han tok huva si og gjekk.

Det vart på den måten billeg plog. Berre jarnet kosta pengar. Byttearbeid var til beste for begge partar. Tid hadde dei nøgda av.

I seinare tid vart plogane kjøpt frå ein smed i Horg millom anna. Han bodde på Kleva og plogane går under namnet "Klevplog". Av desse Klevplogane er det enda noen i bruk.

14)

Ploget som er skissera i fig. 8 er ikkje kjend her. Ingen eldre folk i grenda veit å fortelja om plogar med heilt flat veltefjøl, men dei har høyrd gjete plogar med veltefjøl av tre med jarnskoing. På den tida ploget vart allemanseige var veltefjøla heilt ut av jarn. Sålen har vore berre av jarn. Somme kallar han i dagleg tale for landet.

15)

Plogkaren hadde alltid med seg øks, spade, hakke og jarnstaur i ploget, men ingen av desse handreidskapa var med einast til å halda skjer og veltefjøl fri for mold. Før ploget vart sett i jorda att for forenden grov karen av mold som satt fast på skjeret og veltefjøla. Han brukar enten spaden eller hakka til det.

16)

Ploget vart alltid velta over på landsida når ein køyrde attende. Ein slapp da å slita ned kanten på veltefjøla og ploget slingra ikkje så mykje. Han gjekk mykje støare på denne sida.

1

4  
17)

Det var slått ein kloss på åsen ved sida av moldfoten. Denne klossen var det som moldfoten var sett fast i. Eit spor var skåre i klossen før fastsetjinga og gjennom dette sporet var moldfoten dreva fast. Ein annan kloss var fastsett ved enden av plogåsen og når plogen vart velta over på landsida var det desse to klossane som heldt han oppe. Desse klossane vart til vanleg kalla: "Slepskon" (ein)

18)

På gardane her i grenda hadde ein både høgre og venstre plog. Daglegnemninga for desse to plogane var: "høierplogen og visterplogen"

Av omsyn til drifta var ein nøydd til å ha begge. Vanlegvis er den dyrka marka gjerda inn med utgardar. Når ein pløygjer er det vanleg å køyra ifrå utgarden og inn mot midten av gjordet. Det gjeld å koma nærast mogeleg ~~å~~ innåt utgarden med plogen. Og det oppnår ein ved å køyra ~~ifrå~~ ~~ifrå~~. Køyrer ein imot vil det bli att eit upløygd stykke som har same lengda som hestane - skjærspissen på plogen.

Her i grenda er det desutan nokså brattlendt og forå kan berre leggjast med hallet. Også av den grunn kan ein ikkje berga seg med berre høgre- eller berre venstre plog. Lendetilhøva avgjer altså i noko mon kva plog ein må bruka på dei ymse åkrane.

19)

Ein pløygde 5 - 7 tommar tjukke forer med dei gamle plogane. Djupna regulera ein ved å slå moldfoten opp eller ned og dreva han fast. Moldfoten satt fast framfor restillen i framste slepskon. Somme kallar òg moldfoten for slepsko, men her er neminga "moldfot" med slepsko meiner ein klossane som held plogen oppe ved tomkøyringa på åkeren.

20)

Plogen hadde alltid restill.

21)

I reitbrukstida har det vore bruka ein kniv sett fast i ein krum stokk til å skjera opp forå med, men så vidt gamle folk veit å fortelja har det aldri vore bruka hestekraft til denne børnaden. Det var to karar som brukte børnaden ilag. Den eine tok drott-tauget over aksla og drog med den andre klemde kniven ned i jorda og styrde bein for.

Denne slag børnad har aldri havt noko plogskjelett. Det har vore berre den bøygde stonga med kniv og drottring. Når forå var skåre opp med denne ~~karar~~ børnaden brukte karane reitøksa og hogg forå opp i høvelege lengder og velta ho med spade og grev.

Ein slik børnad fins enda på fleire gardar, men ein brukar han aldri meir til vanleg plogonn, men når eit tak skal tekkjast med never og torv så kjem børnaden fram att. Han er så handhøveleg til å skjera tekkjetorva med.

22)

Frå alders tid har det vore vanleg å køyra plogen og ~~kn~~ horva på ein serskild slede. Sleden går til dagleg under namnet: "Vårønsløin". Det er den same som ein brukar både haust og vår, men namnet "vårønsløin" har han enten det er i vårøn eller hauston ein brukar han.

Det var økonomiske grunnar som tala for å bruka denne sløin til køyring av reidskap og bœrnad når ein skulle ut på gjordet. Ein slapp å slita i utrengsmål på bœrnaden. Mange typar plogar og horver går det heller ikkje godt an å transportera utan denne sløin.

23)

Den plogtypen som bygdasmedane her laga liknar mykje på plogen som er skissera i fig. 12, men i ymse detaljar skil han seg frå denne.

Styrreskafta var av rett tre og stod rett opp. Til handtak var bora, eller tappa inn to knaggar som stod rett attover. Veltefjœla kunne ha skjelett av tre med jarnskoing, men var for det meste av jarn heilt i gjennom.

Eit eksemplar av desse heimelaga gammalplogane fins no på sœtra Finntjœnna mellom Budal og Kvikne der dei to sœste Haukdalsgardane har sœter som framleis er i bruk.

Veltefjœla på denne plogen er krum, men nokså bratt. Ho er heilt av jarn og skjœret er klinka fast til veltefjœla med sterke jarnnaglar. Landet er også heilt av jarn.

Gamle folk i grenda kallar plogen for "plov"

Ordet ard blir uttale likt med landmålingsordet ar, og ordet er hankjœnsord i bygdamålet.

- " -

elles

Vi har eit gammalt ord som går att på folkemunne frå den tida plogane vart laga heime. Ordet eller setningen segjer: "Plovås kan en hœgg berre der en finn n'" Ein kunne altså ta plogåsen sjøl om det var på annan manns grunn.


1398

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


Av brev fra 9/3-1948 :

Ingen nolevande har sett plog med veltefjœl av tre med jarnskoing, men dei har hœyrd gjete at det var bruka ein gong.

Arden som har vore vanleg her i Haukdalsgrenda.



Forskjeraren som har vore bruka. (Han brukast enda i einskilde høve t.d. når ein tar torv for taktekkjing)




NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1398


Den eldste kjende plogtype her i grenda.

Dei seinare plogtypane nerma seg meir og meir dei moderne fabrikksmidde plogane i skapnad. Kvar plogsmed hadde sin sereigne måte å laga plogane på. Og dei var ofte nokså ulike i godleik ved arbeidet på åkeren. Dei kunne ikke stillast inn så ein fekk dragkrafta samla i det rette punkt i veltefjøla. Det fall enten for høgt eller for lågt og plogen ville ikkje gå stødt. Plogkaren måtte ofte klemma skafta ned med all si makt. Og plogøhta vart mykje meir slitsam enn med dei meir moderne plogtypane òg årelang røymsle ligg bak.



Snøan i mars 1948

J. Haukdal



1398

NOBIS ETNOLOGISK GRANSKIS